

Klargjering for pinsehelga og sommarsesongen.

07.06.2019



Jan H. Hansen og Daniel Kambestad utfører vedlikeholdsarbeid i Båthamna.

To båtlag har meldt sin ankomst til Uskedalen i pinsehelga. Den eine konvoien kjem frå Sotra. I forkant av pinsehelga og sommarsesongen er det utført forbetnings- og vedlikeholdsarbeid i Båthamna. Ein av mange aktive medlemmer er Daniel Kambestad frå Odda. Han ligg med seglbåt i Uskedalen og er positiv til å vera med på frivillig arbeid i båthamna.

Tysdag i denne veka var seks mann i arbeid frå morgon til langt på dag. Av arbeid som vart gjort, nemner vi:

- Flytta benker og bord frå plen til grusdekke. Det var eit tung arbeid. Difor fekk ein hjelp frå Trond Lekva Myklebust med traktor
- La gangvegen på plass ut til flytebrygge. Dette vart gjort med kranbil
- La om og forlenga ledetråden for robotklypparen
- Slege rundt alle kantar og gjort aktivitetsflata klar for inntrykk i pinsehelga
- Skifta 8 stk. pullertar på flytekaien (ein pullert er eit trossefeste)
- Skifta den delen av snublekanten som var i dårleg stand

Daniel Kambestad frå Odda kom eigentleg til Uskedalen med bubil. Han likte plassen og fjella. Han bytte ut bubil med seglbåt. No har han lege med segbåt på 5. året. Kambestad likar å vera med på dugnad og førefallande arbeid.



Steinar Myklebust frå Campingen hjelper til med plentraktoren sin. Kambestad og Hansen har lagt om ledetråden for robotklypparen. Harald og Øystein Koløy er brør. Med bakgrunn og oppvekst på Halsnøy har dei godt unnsyn i kva som må gjerast i ei båthamn. Jan H. Hansen er arbeidsleiar.

At Steinar Myklebust frå Campingen dukka opp med plentraktoren sin var positivt. Rabben Feriesenter og Uskedal Båtlag har eit godt samarbeid for tida. Dei nyttar ressursane, til beste for gjestene på begge plassane.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Brørne Harald og Øystein Koløy skifter pullertar og deler av snublekanten på flytekaien.